

Kandidatnummer:

NYNORSK

Vurderingsskjema for norskprøven, delprøve i skriftleg framstilling, nivå A1-A2 (set kryss i skjemaet).

	Under A1	A1-beskrivingar	A1	A2-beskrivingar	A2
Formidlingskriterium					
OPPGÅVE 1 Skrive melding		Kan svare på oppgåva og skrive ei kort og enkel melding med heilt enkle frasar eller setningar.		Kan svare på oppgåva og skrive ei enkel og forståeleg melding.	
OPPGÅVE 2 Beskrive bilete		Kan beskrive biletet med enkle ord, frasar eller setningar.		Kan beskrive biletet med enkle setningar.	
OPPGÅVE 3 Fortelje om eit kjent tema		Kan svare på oppgåva med enkle frasar eller setningar.		Kan svare på oppgåva med enkle setningar.	
Språklege kriterium for kandidaten sin prestasjon gjennom heile prøven					
Tekstoppygging		Ingen krav til tekstoppygging på dette nivået.		Kan skrive ein enkel tekst ved hjelp av enkle setningar. Tema, kronologi og/eller bindeord (f.eks. «og» eller «fordi») skaper ein viss samanheng i teksten.	
Rettskriving og teiknsetjing		Kan skrive nokre vanlege ord slik at dei stort sett kan kjennast igjen. Ingen krav til teiknsetjing på dette nivået.		Kan skrive mange vanlege ord rett. Skrivemåten speglar elles ofte uttalen. Markerer nokre av setningane med punktum, stor bokstav e.l.	
Ord og uttrykk		Kan bruke nokre vanlege ord og frasar. Det er stort sett mogeleg å forstå det kandidaten meiner.		Kan bruke mange vanlege ord og frasar. Det er i all hovudsak mogeleg å forstå det kandidaten meiner.	
Grammatikk		Kan bruke nokre enkle frasar og setningsmønster.		Kan bruke nokre grunnleggjande grammatiske strukturar (f.eks. verbøying, substantivbøying og SVO-konstruksjonar). Likevel gjer kandidaten mange feil, også heilt elementære.	

For å plasserast på eit nivå, må kandidaten vere på nivå i alle kriteria.

16.05.17

Kandidatnummer:

NYNORSK

Vurderingsskjema norskprøven, delprøve i skriftleg framstilling, nivå A2–B1 (set kryss i skjemaet).

	Under A2	A2-beskrivingar	A2	B1-beskrivingar	B1
Formidlingskriterium					
OPPGÅVE 1 Beskrive bilete		Kan beskrive biletet med enkle setningar.		Kan skrive ein tekst om biletet med ein del detaljar.	
OPPGÅVE 2 Fortelje		Kan svare på oppgåva med enkle setningar.		Kan svare på oppgåva og skrive ein samanhengande tekst som er lett å følgje.	
OPPGÅVE 3 Grunngi		Kan få fram nokre synspunkt på ein heilt enkel måte, sjølv om dei kan vere uklart eller mangelfullt grunngitt.		Kan svare på oppgåva og få fram synspunkta sine om emnet, og gi nokre grunnar for desse.	
Språklege kriterium for kandidaten sin prestasjon gjennom heile prøven					
Tekstopbygging		Kan skrive ein enkel tekst ved hjelp av enkle setningar. Tema, kronologi og/eller bindeord (f.eks. «og» eller «fordi») skaper ein viss samanheng i teksten.		Kan skrive ein samanhengande tekst som stort sett er lett å følgje. Kan bruke ein del ulike bindeledd for å skape samanheng i teksten (f.eks. «eller», «men», «at» og «som»).	
Rettskriving og teiknsetjing		Kan skrive mange vanlege ord rett. Skrivemåten speglar elles ofte uttalen. Markerer nokre av setningane med punktum, stor bokstav e.l.		Har eit relativt godt grep om norsk rettskriving sjølv om det vil vere ein del skrivefeil. Markerer i all hovudsak setningane med punktum og stor bokstav.	
Ord og uttrykk		Kan bruke mange vanlege ord og frasar. Det er i all hovudsak mogeleg å forstå kva kandidaten meiner.		Har eit relativt breitt ordforråd slik at han/ho kan uttrykkje seg enkelt, forståeleg og rimeleg idiomatisk. Kan likevel gjere ein del feil ordval.	
Grammatikk		Kan bruke nokre grunnleggjande grammatiske strukturar (f.eks. verbøying, substantivbøying og SVO-konstruksjonar). Likevel gjer kandidaten mange feil, også heilt elementære.		Har eit relativt godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar, men der vil vere feil. Noko variasjon i setningstypar. Også nokre eksempel på komplekse setningar.	

For å plasserast på eit nivå, må kandidaten vere på nivå i alle kriteria.

16.05.17

Vurderingsskjema for norskprøven, delprøve i skriftleg framstilling, nivå B1-B2 (set kryss i skjemaet).

	Under B1	B1-beskrivingar	Ja – B1	B2-beskrivingar	Ja – B2
Formidlingskriterier					
OPPGÅVE A Begrunne		Kan svare på oppgåva og få fram synspunkta sine om det gitte emnet, samt gi nokre grunnar for desse.		Kan svare på oppgåva og klart få fram synspunkta sine om det gitte emnet, og grunngi desse.	
OPPGÅVE B Argumentere		Kan skrive relativt tydeleg om emnet. Kan få fram synspunkta sine, men grunngivinga/argumentasjonen kan vere uklar eller mangelfull.		Kan skrive tydeleg og sakleg om emnet. Kan skrive ein resonnerande tekst og klart få fram synspunkta sine og argumentere for desse. Argumentasjonen kan vere noko uklar enkelte stader.	
Språklige kriterier for kandidatens prestasjon gjennom hele prøven					
Tekstopbygging		Kan skrive ein samanhengande tekst som stort sett er lett å følgje. Kan bruke ein del ulike bindeledd for å skape samanheng i teksten (f.eks. «eller», «men», «at» og «som»).		Kan skrive ein tydeleg, samanhengande tekst som er lett å følgje. Kan strukturere ein tekst godt ved å bruke bindeledd og andre tekstbindande element for å skape samanheng og framdrift i teksten.	
Rettskriving og teiknsetjing		Har eit relativt godt grep om norsk rettskriving sjølv om det vil vere ein del skrivefeil. Markerer i all hovudsak setningane med punktum og stor bokstav.		Har godt grep om norsk rettskriving, sjølv om det vil vere nokre skrivefeil. Har godt grep om norsk teiknsetjing.	
Ord og uttrykk		Har eit relativt breitt ordforråd slik at han/ho kan uttrykkje seg enkelt, forståeleg og rimeleg idiomatisk. Kan likevel gjere ein del feil ordval.		Har eit breitt ordforråd både når det gjeld enkeltord og uttrykksmåtar. Kan variere formuleringane og uttrykkje seg med stor grad av leksikalsk presisjon. Feil førekjem utan at det fører til misforståingar.	
Grammatikk		Har eit relativt godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar, men der vil vere feil. Noko variasjon i setningstypar. Også nokre eksempel på komplekse setningar.		Har godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar – både ordbøying og setningsmønster. God variasjon i setningstypar. Stort sett vellukka bruk av komplekse setningar. Feil førekjem utan at det forstyrrar formidlinga.	

For å plasserast på eit nivå, må kandidaten vere på nivå i alle kriteria.

DELPRØVE I SKRIFTLIG FRAMSTILLING

A1-A2, A2-B1 og B1-B2

Forklaring til kriterier

Vurderingsskjemaet til norskprøven må vere etter måten knappe for at dei skal vere brukarvennlege. Ulempa er at knappe skildringar gir rom for ulike tolkingar. Omgrep som formidling, flyt, grammatikk og så vidare kan definerast på ulike måtar. For at sensorane skal gi ei så lik og rettferdig vurdering som mogeleg, er det viktig at dei legg det same innhaldet i kriterier. Prøveutviklarane i Vox har derfor utarbeidd dette dokumentet, «Forklaring til kriterier», for å utdjupe korleis ein skal forstå kriterier og korleis ein skal bruke skjemaet. (Eit tilsvarande dokument er utvikla for prøven i munnleg kommunikasjon.)

Norskprøven måler på nivåa A1, A2, B1 og B2. For å få ei god forståing av kva som kjenneteiknar nivåa, er det viktig å setje seg inn i korleis desse er skildra i Rammeverket og i Læreplanen. Eit rammeverksnivå er ikkje eit punkt, men eit område på ein skala. Vurderingsskjemaet til norskprøven gir ei skildring av minimumskrav for eit nivå – det vil seie at kandidatar kan tilfredsstillast kravet til eit nivå med god margin utan å kunne plasserast på nivået over. Det vil altså kunne vere nivåskilnader mellom to kandidatar som begge blir plasserte til dømes på nivå A2: Éin kan vere så vidt på nivået, mens ein annan er heilt i øvre sjikt. Det vil òg vere tilfelle der ein kandidat er på B1 i alle kriterium bortsett frå eitt, og derfor blir plassert på A2.

Formidling

Med *formidling* meiner vi korleis kandidaten løyser oppgåvene. Vi skal ikkje vurdere innhaldet (meningar, faktakunnskapar) i det kandidatane skriv. Det vi vil måle med dette kriteriet, er om kandidaten har dei språklege funksjonane som

trenst for å gjere det oppgåva krev. Dette kriteriet tek i vare noko av det som er sentralt i kommunikativ språktesting, nemleg at ein ser på funksjonaliteten til språket, om språket er tilstrekkeleg til å formidle ein bodskap på ein forståeleg måte, og om kandidaten har dei språkfunksjonane som krevst på nivået.

Under formidling vurderer vi kvar oppgåve for seg, både fordi dei ulike oppgåvene er laga for å måle språk på ulike nivå, og fordi dei måler ulike språkfunksjonar. Kandidatane må vere på nivå i alle formidlingskriterier og i alle dei språklege kriterier for å bli plasserte på eit nivå samla. Det er tre oppgåver i A1-A2-prøven og A2-B1-prøven og to oppgåver i B1-B2-prøven. For at kandidatane skal få eit resultat, må dei svare på alle oppgåvene. Dersom éin eller fleire oppgåver ikkje er svarte på, eller kandidaten svarer på noko anna enn det oppgåveteksten bed om, vil kandidaten ikkje få ei vurdering på delprøven i skriftleg framstilling.

Det er oppgitt rettleiande tid og rettleiande tal på ord i nokre av oppgåvene. Dette er meint som ei hjelp til kandidatane for å sikre at dei produserer tilstrekkeleg mykje språk til å bli nivåplasserte. Det er viktig at sensorane ikkje hengjer seg opp i tal på ord dersom kandidaten på alle oppgåvene til saman skriv nok til å bli vurdert. Tal på ord er altså ikkje meint som absolutte krav, og det vil i mange tilfelle vere mogeleg å plassere ein kandidat på til dømes nivå B1 sjølv om han/ho har skrivne kortare enn oppgitt ordtal.

Når det gjeld svar på oppgåva, må sensor ikkje vere for kategorisk. Vi gir konkrete oppgåver for at kandidatane ikkje skal kunne pugge ein tekst utanåt for så å skrivne han på prøven. Dersom kandidaten svarer litt på sida av oppgåva, skal dette ikkje slåast hardt ned på så lenge sensor ikkje har grunn til å tru at teksten

er pugga på førehand og reprodusert. Dette betyr ikkje at vi ser heilt vekk frå svar på oppgåva. Om oppgåva er å skrive ei melding om at du vil selje ein sykkel, godtek vi svar der kandidaten har misforstått spørsmålet litt og skriv at dei ønskjer å kjøpe ein sykkel. Om dei derimot skriv ein tekst av typen «Eg heiter Amir. Eg er 23 år. Eg kjem frå Marokko.», er dette for langt unna oppgåveformuleringa til at vi godtek det, sjølv på dei lågaste nivåa.

Språk

Tekstopbygging

A1	A2	B1	B2
Ingen krav til tekstopbygging på dette nivået.	Kan skrive ein enkel tekst ved hjelp av enkle setningar.	Kan skrive ein samanhengande tekst som stort sett er lett å følgje.	Kan skrive ein tydeleg, samanhengande tekst som er lett å følgje. Kan strukturere ein tekst godt ved å bruke bindeledd og andre tekstbindande element for å skape samanheng og framdrift i teksten.
	Tema, kronologi og/eller bindeord (f.eks. «og» eller «fordi») skaper ein viss samanheng i teksten.	Kan bruke ein del ulike bindeledd for å skape samanheng i teksten (f.eks. «eller», «men», «at» og «som»).	

På A1-nivå stiller vi ingen krav til tekstopbygginga. På dette nivået ser vi derfor bort frå dette kriteriet når vi vurderer. På vurderingsskjemaet er det ikkje nokon rubrikk for å krysse av her på A1. På A2-nivå krev vi ein viss samanheng i tekstane. På B1 er det eit krav at teksten skal vere *samanhengande og stort sett lett å følgje*, medan vi på B2 krev at teksten er *samanhengande og lett å følgje*.

Med *tekstopbygging* meiner vi at tekstane er logisk og tematisk *samanhengande*. Det er fleire moment som bidrar til dette. Det mest iaugefallande er gjerne bindeord som «og, men, fordi, likevel, difor» o.l., men ein tekst kan vere *samanhengande* sjølv om han inneheld få slike koherensmarkørar. Det er dessutan viktig å merke seg at det ikkje er slik at innlærarar på høgare ferdigheitsnivå nødvendigvis bruker fleire eksplisitte bindeord i tekstane. I Rammeverket står det at ein bruker fleire *ulike* typar verktøy for å gjere tekstane samanhengande, og at ein òg bruker mindre frekvente bindeord.

Under kriteriet «Tekstopbygging» ser vi òg på andre verktøy som skaper tekstsamheng. Med logisk samanheng meiner vi at det er ei naturleg oppbygging av tekstelement. I ei forteljing vil vi gjerne ha ei kronologisk framstilling av hendingar, medan det i ein resonnerande eller argumenterande tekst vil vere naturleg at synspunkt blir introduserte og underbygde på ein strukturert måte som gjer det lett å følgje framstillinga. Tematisk samanheng vil seie at teksten, eller ulike delar av teksten, omhandlar same tema eller tema som er relaterte til kvarandre på ein naturleg måte. Både ordval og grammatikk bidrar til å gjere ein tekst samanhengande. Ord som tematisk høyrer til same domene, skaper òg tematisk samanheng. Det same gjer veksling mellom ubunden og bunden form av substantiv («Eg har lese ei *bok* i påska. *Boka* var veldig spennande.»), og bruk av anaforiske pronomen («Eg har lese ei *bok* i påska. *Ho* var veldig spennande.»).

Rettskriving og teiknsetjing

A1	A2	B1	B2
Kan skrive nokre vanlege ord slik at dei stort sett kan kjennast igjen.	Kan skrive mange vanlege ord rett.	Har eit relativt godt grep om norsk rettskriving, sjølv om det vil vere ein del skrivefeil.	Har godt grep om norsk rettskriving, sjølv om det vil vere nokre skrivefeil. Har godt grep om norsk teiknsetjing.
Ingen krav til teiknsetjing på dette nivået.	Skrivemåten speglar elles ofte uttalen. Markerer nokre av setningane med punktum, stor bokstav e.l	Markerer i all hovudsak setningane med punktum og stor bokstav.	

Rettskriving og teiknsetjing viser til korleis orda er skrivne og i kva grad setningane er markerte med stor bokstav, punktum e.l., evt. bruk av komma. Det er lettare å stave rett vanlege ord ein har lese og sjølv skrive mange gonger. Korte ord med ingen eller få konsonantkombinasjonar er lettare enn lange ord med mange konsonantar. Doble konsonantar kan vere ei utfordring, og elles ord der det er stor avstand mellom skrift og tale. Skj/sj/kj-kombinasjonar kan vere vanskelege sjølv for morsmålsbrukarar.

På A1 stiller vi ikkje krav til at setningane er markerte med stor bokstav og punktum. Vi forventar ikkje meir av rettskriving på dette nivået enn at heilt vanlege ord er skrivne slik at det er mogeleg å forstå kva som er meint. På A2 vil vi forvente at mange vanlege ord er rett skrivne. I mindre vanlege ord, vil skrivemåten gjerne basere seg på uttalen av orda. Det må vere nokre døme på

punktum, stor bokstav e.l. for å markere setningsgrenser på dette nivået. På B1 krev vi at kandidatane har eit forholdsvis godt grep om norsk rettskriving. Det er ikkje eit krav at rettskrivinga skal vere feilfri, og det vil gjerne vere skrivefeil i lågfrekvente ord og ord som har ein komplisert stavemåte, men kandidatar på dette nivået skal ha godt grep om skrivemåten i dei fleste daglegdagse ord. På B2 krev vi at kandidatane har eit godt grep om rettskriving og teiknsetjing, men vi forventar ikkje at det skal vere feilfritt.

Ord og uttrykk

A1	A2	B1	B2
Kan bruke nokre vanlege ord og frasar.	Kan bruke mange vanlege ord og frasar.	Har eit relativt breitt ordforråd slik at han/ho kan uttrykke seg enkelt, forståeleg og rimeleg idiomatisk.	Har eit breitt ordforråd både når det gjeld enkeltord og uttryksmåtar. Kan variere formuleringane og uttrykke seg med stor grad av leksikalsk presisjon. Feil førekjem utan at det fører til misforståingar.
Det er stort sett mogeleg å forstå det kandidaten meiner.	Det er i all hovudsak mogeleg å forstå det kandidaten meiner.	Kan likevel gjere ein del feil ordval.	

Kriteriet «Ord og uttrykk» refererer både til leksikalsk *variasjon* og *presisjon*. Jo fleire ord ein meistrar, jo meir nyansert, presist og variert kan ein uttrykke seg. Men å lære eit ord er ein gradvis prosess, og det å kunne eit ord føreset mange delkompetansar. Å tileigne seg forståinga av alle sidene av eit ord (tyding, form og bruk), er noko som skjer litt etter litt: Først får innlæraren ei omtrentleg forståing av hovudinnhaldet i eit ord, og seinare får han/ho kjennskap til underordna tydingar, assosiasjonar, kva andre ord dette ordet ofte opptrer saman med osv. I dette kriteriet ser vi både på kor *breitt* vokabular kandidatane har, og kor godt, i tydinga passende og effektivt, dei bruker dei språklege ressursane sine. Her òg er det avgjerande om kandidatane har tilstrekkeleg ordforråd til å formidle ein bodskap på forståeleg vis.

På A1-nivå forventar vi at kandidatane kan bruke nokre vanlege ord og frasar på ein måte som stort sett er forståeleg. På A2 kan kandidaten bruke mange vanlege ord og frasar, men også her vil det kunne vere enkelte formuleringar i teksten som ikkje er beinveges forstålege. På B1 har kandidatane eit ganske breitt ordforråd og bruker språket rimeleg idiomatisk. Med det meiner vi at orda blir brukte og kombi-

nerte på måtar som høyrer naturlege ut på norsk. På B2 har kandidatane tileigna seg eit breitt ordforråd som dei kan bruke relativt variert og presist. Framleis kan feil skje, men dette fører ikkje til misforståingar.

Grammatikk

A1	A2	B1	B2
Kan bruke nokre enkle frasar og setningsmønster.	Kan bruke nokre grunnleggjande grammatiske strukturar (f.eks. verb-bøying, substantivbøying og SVO-konstruksjonar).	Har eit relativt godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar, men der vil vere feil.	Har godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar – både ord-bøying og setningsmønster. God variasjon i setningstypar. Stort sett vellukka bruk av komplekse setningar. Feil førekjem utan at det forstyrrar formidlinga.
	Likevel gjer kandidaten mange feil, også heilt elementære.	Noko variasjon i setningstypar. Også nokre eksempel på komplekse setningar.	

Grammatikk er kanskje det språktrekket som oftast er knytt til *korrektheit*. Grammatiske avvik, både i bøyingsmønster og leddstilling, er etter måten lette å slå ned på. Det er viktig å minne om at ein god grammatikk er meir enn ein grammatikk utan feil. *Kompleksitet* og *variasjon* er like viktig som det å snakke/skrive korrekt. På alle dei språklege nivåa vil ein finne kandidatar som unngår å bruke strukturar og uttryksmåtar dei ikkje meistrar (kandidatar som heilgarderer seg), og kandidatar som er dristige og prøver seg på formuleringar dei ikkje heilt har kontroll på. Det er lettare å uttrykke seg feilfritt om ein unngår strukturar og setningsmønster ein berre dels meistrar.

Kompleksiteten kan vi sjå både på frasenivå og setningsnivå. Verb-, adjektiv- og nominalfrasar kan byggjast ut, til dømes: «huset» eller «det gamle huset vi nettopp har kjøpt heilt i enden av blindvegen». Det er viktig å understreke at kandidatane ikkje må straffast for at dei vågar å bruke eit språk dei ikkje heilt meistrar, men heller premierast for at dei prøver seg på meir komplekse strukturar.

I skildringane av grammatikk bruker vi nemninga «grunnleggjande grammatiske strukturar». Dette er strukturar både i ordbøying og leddstilling som er relativt enkle, vanlege og som tidleg blir tileigna.

Når det gjeld ordnivået, vil vi rekne som grunnleggjande strukturar at:

- substantiv og adjektiv blir bøyde i kjønn, tal og bestemtheit
- verb blir bøyde i tempus
- pronomer blir bøyde i kjønn og tal

På frase- og setningsnivå blir det rekna som grunnleggjande strukturar at:

- setningar må ha eit subjekt («Eg les ei bok.» «Det regnar.»)
- setningar må ha eit finitt verb («Eg les ei bok.» «Eg har lese ei bok.» «Eg skal lese ei bok.»)
- negasjonen skal plasserast etter finitt verb («Eg les ikkje ei bok.» «Eg har ikkje lese ei bok.»)
- spørsmål har inversjon mellom subjekt og verbal («Les du ei bok?» «Kva les du no?»)

På A1 forventar vi svært avgrensa kjennskap til grammatikk. Kandidaten bruker stort sett enkle strukturar som er innøvde («Eg heiter Sara», «Eg er 23 år gamal», «Korleis går det?»). Sjølv i enkle strukturar vil ein finne feil.

På A2 forventar vi at kandidaten kan bruke nokre grunnleggjande grammatiske strukturar, men det vil framleis vere feil, også elementære. Vi forventar at kandidaten på A2-nivå uttrykkjer seg enkelt, men at dei har døme på bøyning av verb og substantiv.

På B1 forventar vi at kandidatane har eit forholdsvis godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar. Det betyr ikkje at grammatikken er feilfri, men at kandidaten har forholdsvis god kontroll over dei vanlegaste bøyingsmønsterane og setningstypar. Kandidaten meistrar mykje av det grunnleggjande formverket, og det vil også vere ein del døme på vellukka bruk av utbygde frasar og leddsetningar.

På B2 forventar vi at kandidatane har eit godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar. Framleis førekjem det feil, men desse feila forstyrrar ikkje formidlinga. Vi forventar at kandidaten viser god variasjon i setningstypar og jamt over vellukka bruk av komplekse setningar.